

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SAK NR.: Utval: KOMITE FOR LANDBRUK, TEKNIKK OG MILJØ

4/2004 Sakshands: HENRY RANESTAD

KOMITE FOR LANDBRUK, TEKNIKK OG MILJØ		Møtedato:	Sak nr.:	4/2004
Jour.nr: 2004/495	Arkivnr: V70	11.03.2004	Mappe:	
Sakshandsamar:	HR		Avgj. av:	KLTM

FRAMLEGG TIL NY LOV OM SKOGBRUK - HØYRING

Vedlegg:

1. Høyringsbrev datert 04.12.03
2. Utdrag frå LD`s høyringsnotat: Pkt. 1; Hovudinnhaldet i framlegget
3. Framlegg til ny Lov om skogbruk (skogbrukslova). Utkast pr. 10.12.03.

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

- LD`s høyringsnotat, komplett
- Fylkeslandbruksstyret sin uttale, sak 14-00-04-10000 SKO
- www.ld.dep.no

Saksopplysningar:

Ny skoglov vart varsla allereie i samband med Stortingsmelding nr. 17 (1998-99). Forprosessen har vore lang og grundig. Sakshandsamar var i 2000 med i ei "dugnadsgruppe" i fylket som ga innspel til lovarbeidet. I prosessen vart det av LD også fremja *Forskrift om miljøtilpasning i skogbruk*, men denne vart seinare trekt. Det ligg no føre eit lovutkast med høyringsfrist 15. mars 2004. Etter samråd med ordføraren skal KLTM stå for kommunen sin uttale i saka.

Vurdering:

Nogjeldande Skoglov, *Lov om skogbruk og skogvern*, frå 1965, sist endre i 1987, har for lengst "gått ut på dato". Den var bygd opp av 10 kapittel og 58 paragrafar (føresegner), men mange av dei vart etter kvart oppheva eller tilpassa nyare forhold. Lova vart derfor tunglest og uoversiktleg. Vedlagde lovutkast har 5 kapittel og 22 føresegner, og er naturleg nok tilpassa til vår tid.

Generelt:

I høyringsbrevet er referert at Landbrukskomitèen peiker på at det er viktig at "ny skoglov blir en næringslov hvor prinsippet om frihet under ansvar opprettholdes." og som gje "klare rammer for de miljøhensyn som påhviler skogbruket, og som er en viktig del av skogeiers forvalteransvar".

Rådmannen er einig i at dette er gode prinsipp for ei ny skoglov, og langt på veg er lovutkastet prega av dette prinsippet. Det er ikkje lagt opp til at Skoglova er ei "areal-lov", slik PBL, Naturvernlova og delar av Jordlova er det, og dette er eit heldig grep.

Lovutkastet virkar stort sett presist, klart og utan unødige utfyllande tekst. Stort sett meiner rådmannen lova vil vere

lett å handheve, når naudsynt forskriftsportefølje er på plass. Subjektivt vurdert er det positivt at den er skriven på *nynorsk*.

Skogavgifta har etter fleire ti-år endeleg kvitta seg med det misvisande "avgiftsstempelet". No heiter det *Skogfond*. Det er nettopp fond den alltid har vore.

Lova må sjåast i lys av at dei økonomiske virkemidla i skogpolitikken stadig vert reduserte, og at kommunen har fått meir ansvar for forvaltning av juridiske og politiske virkemiddel. Dette krev fagleg kompetanse og kapasitet hos kommunen som skogmyndigheit. Dette bør følgjast opp frå Staten med å gje kommunane økonomiske rammer for å kunne halde på naudsynt administrasjon, sjølv om det formelle kompetansekravet er tatt bort. Vi ber såleis Departementet vurdere kriteria for tildeling av midlar til landbruksforvaltninga i kommunane.

Nokre merknader til dei einskilde føresegner:

Til § 2 Virkeområde for lova:

I siste bisetning i 2. ledd kan det sjå ut som at lova gjeld på alle areal verna etter Naturvernlova. Den kan umogleg gjelde i t.d. reservat. Det må spesifiserast kva som meines her (er forklart berre i kommentardelen.).

Til § 5 Skogregistrering og skogbruksplan:

Siste setning i 3. ledd seier at "*oversikt over miljøverdiar som kjem fram under skogbruksplanlegging skal vere offentleg tilgjengelege*". Stort sett er dette greitt, men det må vurderast opp mot instruks om *kva* som vert registrert. Offentleggjing av visse naturelement *kan* føre til auka flora- og faunakriminalitet.

Til § 6 Forynging og stell av skog:

Framlegget er ei skjerpning av plikta til forynging og oppfølging av gjenvekst, og dette er i utgangspunktet positivt. Men på Vestlandet, der mange ikkje har skoggrunnlag for å bygge opp skogfond, kan kravet om forynging virke urimeleg når Staten har no har fjerna tilskot til forynging

Det er naturleg at det vert utarbeidd ei meir detaljert forskrift til denne føresegna, og at innhaldet i denne tek opp i seg dei store ulikskapane vi har mellom landsdelar. Døme på slike moment er ventetida på forynging, og også "tidsfristen" kommunen har for å reagere på manglande forynging. På høgbonitetar på Vestlandet er 5 år lang tid.

Til § 9 Førebyggjande tiltak:

Siste ledd, som er sett i parentes, har ein trykkfeil: Det må vere § 6 som er det rette. Dette leddet bør elles vere med i føresegna, på bakgrunn av dei store problema ein lokalt kan ha med hjortebeiting på gjenveksten. Det bør vurderast ei samordning med Viltlova og den kommunale viltforvaltning, slik at t.d. eigedomar med stor dokumentert skade kan få dette kompensert med økonomisk nytte av skadekvoter.

Til § 11 Meldeplikt:

Omgrepet *melding* må tilseie at kommunen ikkje skal handsame meldinga som ein søknad, men gje ei tilbakemelding dersom ein evt. har merknad. Siste ledd bør derfor formast slik at "tiltakshavar kan utføre tiltaket dersom kommunen ikkje har kome med merknader innan 3 veker".

Til § 13 Skogområde med viktige miljøverdiar:

Heimel for LD til å innføre forskrift til denne føresegna er grei. Men regelverket må ikkje verte så omfattande at det fungerer som arealvern, dvs. så omfattande at det løyser ut erstatningskrav. Syner elles til forskrifta *Tilskudd til miljøtiltak i skog*. Grensene som her er sett for skogeigaren sin eigenandel er i høgste grad stram nok.

Til § 15 Bruk av skogfond:

Dersom føresegna skal ha opplisting av føremål, jfr. 2. ledd, må *skogsvegar* vere med i opplistinga. I vårt distrikt er vegbygging framleis det mest aktivitetsfremjande tiltaket i skogbruket.

Til § 21 Straff og tvangsgebyr:

Ein merker seg at pasusen i gjeldande lov § 52; om at berre skogoppsynet kan krevje påtale ved brot, er tatt bort. Ein ser ikkje heilt føre seg "saksgang" dersom krav om påtale kjem frå "kven som helst", noko heller ikkje kommentardelen er klar på. Kanskje bør her gjerast ei avklaring.

TILRÅDING :

Komitè for landbruk, teknikk og miljø er samd med rådmannen sine vurderingar av og merknader til

utkast til *Lov om skogbruk*. Desse merknadane vert såleis Naustdal kommune sin høyringsuttale til lovutkastet..

Per-Kristian Langlie
Rådmann

Henry Ranestad
Rådgjevar

RESULTAT AV HANDSAMING:

Komitèen vedtok samrøystes innstillinga til rådmannen

Henry Ranestad/sign.

